# Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 7
Okt./nov. 1974
7. årgang



Den allmektige Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, som har tatt deg til sitt barn i den heilage dåpen og tatt deg inn i sin truande kyrkjelyd, Han styrkje deg med sin nåde til det evige liv! Fred vere med deg!

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA
Utgjevar: *Sokneråda i Arna*
Redaktør: *Ingvar Fykse, Ytre Arna*
Redaksjonsnemnd: *Helge Hitland, Knut Brakestad*
*Harald Haugsvær, Gunlaug Bøyum*
**Forretningsførar:** ***Monrad Ulveseter, Indre Arna***

Bladpengar kr. 12,- for året. Postgiro 31 04 44

Dagens Trykkeri, Bergen

# ARNA PRESTEGJELD

**Sokneprestkontoret, Indre Arna:**
Kontortid tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00—11.30. Torsdag kl. 17.30—19 00. Telefon 24 04 00.

**Res. kap. kontoret, Ytre Arna:**
Kontortid torsdag kl. 17.30—19.00. Fredag kl. 10.00 11.30, tlf. 24 13 25.

**Adresser og telefonar:**

Fung. sokneprest Ingvar Fykse, Gamleveien 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 25.

Fung. res. kap. Helge Hitland, Høgatun 16, Indre Arna, tlf 24 09 65.

**Kst. klokkar Severin Johs. Hamnøy, Stølsveien 94E, Indre Arna, tlf. 240342.**

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna, tlf. 24 16 06.

Kyrkjetenar Monrad Ulvesæther, tlf. 24 07 39, tirsdag og torsdag 17.00—18.00, onsdag og fredag 10.00—11.00.

Gravar Emil Dalset, Indre Arna, tlf. 24 05 69.

Organist Anker Rønhovde, Ytre Arna, tlf. 24 11 39.

Kyrkjetenar Eirik Arne, Ytre Arna, tlf. 24 12 30.

**Soknerådsformann i Arna: Ingmar Ljones, Stølsveien 1 111A, Indre Arna. Tlf. 241594.**

**Soknerådsformann i Ytre Arna: Knut Brakestad, Johan Rongvedsvei 16, Ytre Arna. Tlf. 241135.**

**Klokkar Ytre Arna: Per Sæle, Skuleveien 10, Ytre Arna. Tlf. 241310.**

# *Hvorfor døper vi barna våre?*

*Om dåpen kan man tenke så mye. Noen oppfatter den som en navnesermoni. Andre ser på den som en slags åndelig forsikring for resten av livet og en automatisk garanti for salighet. La det med en gang være sagt at navn kan man få — uten dåp. Den er altså ingen navnesermoni. Dåpen bringer frelse med seg — men ikke automatisk for hele livet. Avgjørende er hvordan en fortsetter som døpt menneske.*

*Det kommer an på om dåpens ide blir fulgt opp og livet leves i tro på den Herre som handlet i dåpen.*

*Hva er så som skjer i dåpen? I noen få punkter vil vi prøve å gi et svar på det:*

*1. I dåpen blir vi Guds barn, og får barnerett og barnekår hos den evige Gud.*

*2. I dåpen blir vi medlemmer av den kristne menighet. Vi blir født inn en familie, men vi døpes inn i «Guds familie» — inn i familien av alle som tror på Jesus Kristus. Dåpen er altså ikke først og fremst en familieaffære, men en menighetssak.*

*I vår kirkes dåpsrituale heter det: Den allmektige Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, som har gjort deg til sitt barn i den hellige dåp og tatt deg inn i sin troende menighet, han styrke deg med sin nåde til det evige liv».*

*3. I dåpen får vi syndenes forlatelse. Barna er født inn i en slekt som har syndet, og har del i denne slekt som hverken frykter eller elsker Gud. Derfor trenger også barnet syndenes forlatelse.*

*4. Dåpen gir evig liv og frelser fra døden og djevelen. I oss selv er vi dødelige. Gjennom dåp til Kristus får vi del i det dødsoverlegne liv han eier og gir.*

*5. I dåpen får vi den hellige Ånd i gave. Denne Guds ånd skulle lede oss gjennom livet, være dirigenten og kraften livet ut.*

*I dåpen er det altså Gud som handler og gir. Vi kan bare ta imot. Barna kan ikke gjøre noen ting fra eller til. De skal få ta imot uten å prestere noen ting. Vi bare kommer med dem, og Gud handler.*

*Å bli døpt er som å starte i et langt løp. Løypa er klar. Målet vinker der framme. Det koster mye strev, og stor innsats må til for å komme gjennom løypa. Men det er mulig å fullføre løpet. Det er meningen at enhver som er døpt skal nå fram til det endelige målet Gud har satt.*

*HeH.*

# Om skikk og bruk ved barnedåp

Skikk og bruk kan alltid diskuterast – også skikk og bruk ved barnedåp.

Dåpen er ei heilag handling. I dåpen handlar Gud med oss. Skikk og bruk er ikkje avgjerande for Guds gjerning, men den ytre ramma bør vere slik at ho tener innhaldet, og at alt får preg av høgtid og orden.

Elles er ikkje skikk og bruk ved barnedåp eins i alle kyrkjer. Til vanleg er det likevel slik at borna blir borne inn i kyrkja under dåpssalmen. Dei som ber, tar enten plass på stolar som blir sette fram i midtgangen, eller på den fremste benken. Under sjølve dåpshandlinga står foreldre og fadrar i koren kring døypefonten.



Til for nyleg var det skikk her i Arna at dei som bar, tok plass på stolar oppe i koren, vendt mot kyrkjelyden. Kor gamal denne skikken er, veit eg ikkje. Andre kan sikkert fortelje det. Det kan godt hende at det blir gjort slik i mange andre kyrkjer og. Eg for min del, har berre sett det her.

Når vi har dåp utanom høgmessa, legg vi det opp som ei einfelt gudsteneste. Vi syng ei salme, presten held ein kort tale til foreldre og fadrar om dåpen og det kristne oppsedingsansvaret. Så kjem sjølve dåpsliturgien med dåpen, og til sist, før siste salma, lyser presten velsigninga frå altaret.

Velsigninga høyrer alltid med, både ved gudstenesta og dei kyrkjelege handlingane. Då høver det ikkje godt om dei som ber borna sit i koren med ryggen mot altaret. Elles gjev det ikkje så god symbolikk å vera plassert slik at ein sit med ryggen mot altaret.

Det same gjeld og om dåpen går føre seg i høgmessa. Så sant det

*Framhald side 12*

# Elev på Menighetseminaret til Arna



Arna kyrkjelyd har dette året fått ein av elevane på Menighetsseminaret som praktikant i kyrkjelydsarbeidet. Han heiter Svein Olav Sagstad. Kyrkjelyden fekk helsa på han og kona hans og den to år gamle dottera deira på gudstenesta den 8. september.

Kyrkjelydsbladet har hatt eit intervju med Svein Sagstad. Då får vi vita at han er 25 år og kjem frå Frekhaug. Han har gått to år på folkehøgskulen der, og fleire kurs på Bibelskulen. Han har også røynsle frå yrkeslivet.

– Kva var grunnen til at du byrja på Menighetsseminaret?

– Mest av di tidlegare elevar fortalde om seminaret, og eg fekk hug til å gå der sjølv.

– Kva fag har de på seminaret?

– Eg kan nemna kyrkjelydsorganisering, sjelesorg, sosiallære, bibelkunnskap, barnearbeid, etikk, andaksøving og song. Vi har teammøte kvar laurdag, der vi drøfter det praktiske arbeidet i kyrkjelyden.

– Utanom undervisninga skal altså alle elevane ha praksis i ein kyrkjelyd. Har du vore med i slikt arbeid tidlegare?

– Ja, eg kan nemna ungdomskor, «Klubben» på Sotra, og så var eg formann i Ungdomsforeningen heime.

– Kva vert då dine oppgåver her i Arna?

– Eg er med og hjelper til med TEN-SING-koret i Arna, og deltar i konfirmantførebuinga og i arbeidet til «TREFFEN», og så er eg i barnehagen til kyrkjelyden nokre timar kvar fredag.

– Har du fleire oppgåver?

– Ja, no skal eg ta til med husbesøk. Her måtte vi avgrensa området mitt, då eg berre rekk å vitja ein liten del av alle hus i kyrkjelyden.

– Korleis likar du deg har i Arna?

– Eg likar meg godt, og arbeidet er interessant. Det er ein god hjelp at det er ein ansvarskomite i kyrkjelyden som eg kan rådføra meg med. Kona hans, Gunnvor, legg til at dei alle tra har funne seg vel til rette i Arna. Dei har fått seg eit kjekt husvære på Espeland.

– Er det noko du særleg vil nemna?

– Eg vil gjerne kom med ein appell til ungdom frå 8. klasse og eldre om å slutta opp om TEN-SING. Det er ennå plass til nokre fleire. Så vil eg koma med ei helsing til alle lesarane av Kyrkjelydsbladet: Her er så mange som ropar: Tru på meg, tru på oss. Dei vil at vi skal fylgja dei. Men du, Jesus seier: Ha tru til Gud! (Markus 11,22). Jesus kan vi verkeleg stola på. Prøv, så skal du få erfara det.

Vi takkar Svein Sagstad for samtalen og ber om Guds signing i hans virke. Vi oppmoder alle å ta vel imot han.

# DØYP DEI, OG LÆR DEI!

Dei fleste foreldre vel å døypa barna sine. Som foreldre veit vi at det barnet får i dåpen, kan det ikkje få andre stader. Dåpsdagen kjenner vi oss difor trygge og glade for at barnet blir ført inn i Guds rike.

Men gløymer vi ikkje ofte at dåpen berre er ein del av Jesu ordre i misjonsbodet? Der knyter Jesus dåpen saman med kristen oppseding. Ved kvar dåp vert det sagt til foreldre og fadrar: «Så skal de koma barnet i hug i bøn til Gud, og hjelpa til så langt de kan, at barnet får oppseding i tru og gudlegdom, så det må verta verande hjå Kristus når det veks opp, liksom det ved dåpen er innpota i han». Tek vi dåpsansvaret alvorleg? Treng vi ikkje hjelpa kvarandre til å gjennomføra denne viktige delen av dåpsbodet?

Når startar oppsedinga? I barnet sitt første leveår. Rett nok er ikkje barnet mottakeleg for kristen kunnskap den første tida, men det er mottakeleg for kristen omsorg. Barnet har trong for tryggleik og varme, og det er eigenskapar som skulle særprega alle kristne heimar. Mange begynner tidlig å be sammen med barnet. Om ikkje barnet forstår så mykje av dette den første tida, veks barnet på denne måten inn i at bøna er noko vi dagleg brukar og er avhengige av. Bøna gir også ei sterk kjensle av tryggleik, og ho gir kontakt.

Barnet mottar inntrykk gjennom mange sansar. Difor må oppsedinga vera mangesidig. Kunnskap om kristne sanningar kan vi gi barnet gjennom samtale, gode bilete, forteljingar og gjennom sangar og salmar. Vi treng verken vera teolog eller pedagog for å gi god kristen oppseding. Men vi bør søkja etter passande hjelpemidlar som kan gi oss idear både til innhald og metodar i oppsedinga. IKO (Institutt for kristen oppseding) kan gi god hjelp her. Der kan vi henta god inspirasjon til dette viktige arbeidet for våre eigne barn.

Det kristne oppsedingsansvaret kan stundom kjennast som ei tung børd. Vi får det så lite til. Ofte har dette si årsak i at vi er for tilfeldige med denne oppsedinga. Vi har ikkje prioritert dette høgt nok. Vi tar det meir som det fell seg. Men kor ofte har vi ikkje fått erfara at små andaktsstunder saman med barna har gitt noko av himmelen på jord. Det er da ein anar at rikdom ligg ikkje åleine i pengar og ting.

Det er viktig at vi er oss sjølve overfor barnet. Barnet er var for det som er uekte og påtatt. Omgangstonen i heimen betyr mykje for oppsedinga. Den tonen som rår mellom mor og far, vil smitta over på barnet. Det hjelper lita å snakka fine ord om tilgivelse dersom vi ikkje sjølve praktiserar dette i heimen. Mange kristne heimar synes å vera meir oppteken av å gi barna kunnskap om kristendommens mange «Du skal!» og «Du skal ikkje!» Dette har stundom ført til at barnet ikkje har fått tak i det som er hovudsaka i vår kristne tru: at Jesus er glad i oss, og at han vil tilgi oss våre synder når vi vender oss til han. Vår kristne tru må få avspegla seg i vårt daglege liv dersom oppsedinga skal bli sann. Når barnet blir stort nok til å kunna forstå noko av det som skjer i ei gudsteneste, skulle det bli sjølvsagt for oss å ta barnet med

*Framhald side 12*

# ARNA MENIGHET

Denne oversikten over arbeidet i Arna menighet er ment å være en hjelp til deg som bor her i menigeheten. Vi ville gjerne at du skulle finne din plass i dette arbeidet i Guds rike.

SØNDAGSKOLER:
Søndagsskolen innbyr barn i alderen 3—15 år til samling om Guds ord søndag formiddag:

| | | |
|---|---|---|
| Fjellgardane gamle skole | kl. 11.00 | Elsa Minde |
| Unneland bedehus | kl. 11.00 | Artur Hope |
| Haukeland gamle skole | kl. 11.00 | Ingunn Mæstad |
| Lone bedehus | kl. 11.00 | Sverre Haugsvær |
| Arnatveit, Salen | kl. 10.00 | Albregt Ivarsflaten |
| Liatun blokk B | kl. 09.45 | Johannes Jacobsen |
| Ådnamarka blokk C | kl. 10.00 | Per Eide |
| Indre Arna Borgstova | kl. 10.00 | Bjarne Fjelltveit |
| Seimsmark Garnes skole | kl. 11.00 | Sigmund Kleiveland |
| Tunes bedehus | kl. 11.00 | Magnus Stokke |
| Romslo gamle skole | kl. 11.00 | Brita Romslo |
| Trengereid bedehus | kl. 11.00 | Sigurd Øijord |
| Ytre Arna bedehus | kl. 11.00 | Gudny Hunshammer |
| Haugland bedehus | kl. 11.00 | Inger Gravdal |

| BARNELAG: | *Kontaktpersoner:* |
|---|---|
| Lone yngstes | Bjørg Skartveit, Lone |
| Haukeland yngstes | Josef Nesse og Eldbjørg Knutsen |
| Trengereid barneforening | Lovise Midttun |
| Romslo barnelag | Aslaug Herfindal |
| Seimsmark jentelag | Asbjørg Bildøy og Brit |
| Indre Arna jenteforening | Torun Hitland |
| Espeland barnelag | Arnlaug Fjelltveit |
| Unneland barnelag | Aud Hindenes |
| «Sangfuglen» barnelag | Åsta Sundland |
| Barnelaget «Våren | Anna K. Borge |
| Gutteklubben «Lysglimt» | Ingunn Mæstad |
| Y.Arna | Else Solsvik |
| Ytre Arna barnelag | Marta Teigland |
| Ådnamarka jenteforening | Berit Ljones |
| Ådnamarka barnegruppe | Berit Stoveland |

TEN-ÅRINGSGRUPPER:
I desse gruppene får du oppleve eit allsidig og friskt kristenmiljø.

| | | Kontakt: |
|---|---|---|
| **Unneland YA** | Unneland bedehus | Karl Minde |
| Lone YA | Betania bedehus | Magne Mestad |
| Indre Arna YA | IA bedehus | Else Vevle |
| Treffen ungdomsklubb | IA skole | Trygve Kleppestø |
| Skolelaget | Garnes ungd.skole | Jostein Håøy |
| Gym-laget | Arna gymnas | Vidar Grindheim |
| Trengereid YA | Trengereid bedehus | Ella Økland |
| Ytre Arna YA | Ytre Arna bedehus | Tore Ebbesvik |
| Ungdomsklubben YA | Peisestova Prestegarden | Håkon Ytrearne og Brynjar Rismyhr |
| Haugland YA | Haugland bedehus | Eli Mohn |

UNGDOMSKOR:
Betania ungdomskor, Lone
Arna ten-sing

*Kontakt:*
Magne Mestad
Kai Stoveland

SPEIDERGRUPPER:
Speiderjentene er tilsluttet Norges KFUK-speidere, og har virksomhet på følgende steder:

Haukeland- Espeland:
Lone 1 KFUK (11—16 år)
(8—11 år)

*Leder:*
Marit Gilje 5233 Haukeland
Fru Wallem 5233 Haukeland

Indre Arna-Garnes:
Indre Arna 1 KFUK (8—16 år)

*Leder:*
Kjellaug Boge Seimsheia 13, Indre Arna

Ytre Arna:
Ytre Arna 1 KFUK (8—16 år)

*Leder:*
Gunvor Mjelde 5265 Ytre Arna

Speiderguttene er tilsluttet Norsk Speidergutt-Forbund, og har virksomhet på følgende steder:

Haukeland-Espeland:
1. Lone speidertropp (11—16 år)
ulveflokk (8—11 år)

*Ledere:*
Terje Persen tlf. 24 01 44
Henrik Olsnes tlf. 24 08 93
Wenche Persen

Indre Arna-Garnes:
1. IA speidertropp (11—16 år)
ulveflokk (8—11)
roverlag over 16 år

*Leder:*
Jan Marius Olsen tlf. 24 03 08

Ytre Arna:
1. YA speidertropp (11—16 år)

*Leder:*
Jarle Vik Parkvn. 21 Y.A.

UNGE HJEM:
Unge Hjemgruppene innbyr til samtale om aktuelle spørsmål som angår ekteskapet, familiens oppgaver og oppdrageransvaret. Disse gruppene vil være et forum til gjennomtenkning og debatt av nære problemer, og gi en kristen belysning av disse.

Unge Hjem på Haukeland

*Kontakt:*
Harald Haugsvær
5233 Haukeland

Unge Hjem i Indre Arna

*Kontakt:*
Margit Boge
Øvre Seimsmark 1, Indre Arna

BIBELGRUPPER:
I menigheten er det i gang en rekke bibelgrupper for ten-åringer og voksne. Men jevne mellomrom kommer de sammen. En prøver i disse gruppene å trenge dypere inn i Guds ord.
Du er velkommen til å være med i ei slik gruppe.

Grupper for ten-åringer

*Kontakt:*
Magne Mestad tlf. 24 00 14
Helge Hitland tlf. 24 09 65

Grupper for voksne

*Kontakt:*
Dagny Kleppestø tlf. 24 06 65
Harald Haugsvær tlf. 24 08 15

| MISJONSFORENINGER: | *Kontaktpersoner:* |
|---|---|
| Romslo kv.forening | Brita Romslo |
| Tunes kv.forening | Helga Takvam |
| Seimsmark og Garnes kv.for. | Gunvor Sellevold |
| Skogstjerna misjonsgruppe | Arnlaug Fjelltveit |
| Mjeldheim kvinnelag | Gudrun M. Mjeldheim |
| Indre Arna santalgruppe | Ragnhild Rein |

| | |
|---|---|
| Misjonsgruppa «Buthan» | Monrad Ulveseter |
| Arna LMF-gruppe | Klara Ulveseter |
| Borge misjonsgruppe | Ingunn Mestad |
| Borge kvinnelag | Borghild Mestad |
| Espeland og Hauge kvinnelag | Ingeborg Mestad |
| Unneland kvinnelag | Nilla Nesset |
| Misjonsgruppa Vårfryd | Ruth Dyrøy |
| Vårvon misjonsforening Y. Arna | Dagny Sletten |
| Kvamme kvinneforening | |
| Haugland kvinneforening | Agnete Askeland |
| Ytre Arna misjonslag | Betsy Dale |
| Ytre Arna santalforening | Fru Selbak |

BEDEHUSA:
I Arna menighet er det mange bedehus. Der er det regelmessige møter gjennom storparten av året. Finn din plass på bedehuset og bli med på samlinga om Guds ord.

Dersom det er noen grupper i menigheten som ikke er med i denne oversikten over lag og foreninger, må vi få beklage dette. Vi har fått våre oversikter fra kretskontorene, og vi håper selvfølgelig at alle er med.

## *Besøk av presten*

*Det er sikkert mange her i menigheten som av forskjellige grunner ikke får være med på samlingene om Guds ord. Kanskje det er sykdom eller dårlig helse som hindrer deg.*
*Det er kanskje også mange som er ensomme. Du sitter kanskje hjemme og ikke har noen å snakke med.*
*Vi prester har lyst til å komme å besøke deg. Dersom du ønsker besøk av oss, må du gjerne ringe eller skrive til oss. Så langt tida rekker, skal vi prøve å komme.*

# Familieside

ARNA SOKN

*DØYPTE:*

21/ 7 Trond, for.: Kåre Emil Liavik-Neeltje van der Sluis Liavik
21/ 7 Tor Andre, for.: Terje Johannessen-Bente Marie, f. Gaupås
27/ 7 Kristine, for.: Arne Mikal Lien-Anne Sofie, f. Hjelmeland
4/ 8 Randi Helen, for.: Steinar Kjøsnes-Gerd, f. Nævdal
4/ 8 Frode, for.: Knut Asbjørn Hommedal — Reidun, f. Antun
4/ 8 Frank, for.: Kjell Arne Baggen — Britt, f. Magnussen
4/ 8 Håvard Arnfinn, for.: Kåre Kalsaas og Inger Margrethe, f. Jenssen
10/ 8 Øyvind, for.: Magnar Johan Sivertsen — Else Marie, f. Hauge
10/ 8 Pål Edvard, for.: Roald Edvard Olsen — Åse Karin, f. Stien
10/ 8 Jan Vidar, for.: Karstein Kalsås — Aud, f. Rolland
10/ 8 Bjart Kristian, for.: Geir Vaular — Linda, f. Cooney
18/ 8 Tine for.: Alf Einar Holdhus — Aud. f. Kvam (Trengereid)
18/ 8 Jon-Martin, for.: Kolbein Kolnes — Solveig, f. Midtun (Trengereid)
18/ 8 Leif-Ivar, for.: Paul Birger Karlsen — Jorunn, f. Fjellanger
24/ 8 Malene, for.: Rolf Paul Jacobsen — Gunvor, f. Øksendal
24/ 8 Victoria, for.: Robert Henry Hale — Kerstin, f. Strømmen
24/ 8 Eva Kristine, for.: Bjarne Rolland — Inger Kristine, f. Nordhagen

*VIGDE:*

24/ 8 Paul Kristian Andersen og Haldis Alise Haga
31/ 8 Svein Åge Svendheim og Solveig Helen Vik

*AVLIDNE:*

3/10 Olai O. Unneland, f, 1883
6/10 Karl Johan Arnesen, f. 1921

YTRE ARNA SOKN

*DØYPTE:*

31/ 8 Ann Kristin, for.: Kjell Sagstad — Ragnhild, f. Matland (Arna)
8/ 9 Jon Helge, for.: Egil Rysjedal — Mildrid Hildur, f. Larsen (Skånland)
22/ 9 Rymond, for.: Helge Hansen — Helga Edith, f. Syska (Arna)

*VIGDE:*

31/ 8 Jonn Elis Hammerstrøm og Gerd Marit Grinde
31/ 8 Sverre Martin Fredriksen og Åse Arnesen
14/ 9 Dag Arvid Evensen og Hazel Marian Kenworthy
21/ 9 Ove Jarle Fotland og Asgjerd Johanne Gunnarskog
5/10 Bjørn Per Presthus og Gro Haaheim (Arna)

# *Bibelgruppa — stedet for åpen samtale*

Det er ikke alltid like lett å ta seg fram i Bibelen. Mye synes så vanskelig. Her gir bibelgruppa god hjelp. Og ofte er den et nødvendig puff til å ta seg tid til bibellesing.

Noen synes kanskje at dette må være et kjedelig tidsfordriv. Men dersom vi betrakter Bibelen som Guds ord og tror at Gud vil gi oss noe gjennom sitt ord, blir det ikke kjedelig. Bibelen sier oss sannheten om oss selv, og den vise oss Jesus Kristus som gir livet mening og innhold.

Samtalen er viktig i en slik gruppe. Vi tar opp emner og tekster fra Bibelen og prater om dem. Det er lærerikt fordi vi ser saken fra forskjellige synsvinkler. Vi drar således nytte av hverandres spesielle kunnskaper og erfaringer.

I bibelgruppa får vi oppleve det kristne fellesskapet og får således utvikle oss som kristne. Vi kan snakke åpent ut om det som ligger oss på hjertet — ting som gjør oss glade eller det kan være spesielle problemer. På den måten kan vi være en hjelp for hverandre og inspirere hverandre. Vil vi snakke, kan vi det. Ønsker vi å sitte og lytte til de andre, kan vi det.

I bibelgruppa får vi også pleie de rent menneskelige behov. Vi blir godt kjent med hverandre, får gode venner og opplever fellesskap og kontakt. Bibelgruppene gir mye. Derfor bør du finne din plass der. Du er velkommen. Vi trenger hverandre.

*Per Arne Gullstad.*

---

## *Om skikk og bruk ved barnedåp*

*Frå side 4*

ikkje byd på praktiske vanskar, ynskjer vi at heile dåpsfylgjet skal bli til velsigninga er lyst, og gudstenesta er slutt. Men dette kan ikkje alltid gjennomførast, t.d. når det etter dåpen er nattverd. I visse andre høve og kan det vere vanskeleg.

Ja, dette var litt om skikk og bruk ved barnedåp. La meg samstundes få tilføye at vi i redaksjonen er takksame for innlegg i bladet. Og gjeld det spørsmål som vi syns er naturleg å ta opp her, vil vi gjerne fylgje opp så godt vi kan.

*Ingvar Fykse*

## *Døyp dei, og lær dei!*

*Frå side 6*

til kyrkje og bedehus. Barnet er døypt inn i ein kyrkjelyd. Det må da og få møta det felleskapet som kyrkjelyden er.

Når barnet kjem opp i 3—4-årsalderen, er det mange tiltak utanfor heimen som gir støtte og hjelp i oppsedinga av barnet. I kyrkjelyden vår finst både søndagsskular og barneforeiningar. Vi bør tilskunda barna våre til å gå på desse samlingane, gjerne med at vi følgjer dei første gongene.

Det kristne oppsedingsansvaret kviler på alle som døyper barna sine. Det er på tide at vi samtalar med kvarandre om korleis vi best skal utføra dette.

*hh.*

**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp

Kleiveland
URMAKAR

**5260 INDRE ARNA — TLF. 240496**

**Espeland Begravelsesbyrå**
Telefon 240808
Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørges oppsatt

**Espeland Gartneri**
Telefon 240809
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

## Solstrands Blomsterforretning
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

## Solstrand Begravelsesbyrå
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

## ARNA PRIVATBANK

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små
er hjarteleg velkomne.

**ARNA PRIVATBANK**

## ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss
De også. Vi gir god service.

**KVERSØY BILFORRETNING**

Telefon 24 00 17 — 24 08 45



**Vår mann i Arna**

## KÅRE FYLLINGEN

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring,
og står til tjeneste med råd og veiledning.

**Storebrand og Idun**

Postboks 162, 5230 Espeland — Telefon 24 15 32

## SKAL DET VERA

**markiser, persienner og rullegardiner i mange vakre fargar, så vend Dykk til meg. Eg har også flaggstenger, skyvestigar, enkle stigar med flate trinn og kletørkestativ som eg sel direkte frå fabrikk. Difor rimelege prisar.**

**Ring meg, og eg kjem og tek mål og gjev pris.**

## Magnus Borge
5233 Haukeland — Telefon 24 00 21

## La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.
Velkommen til en hyggelig prat
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

**INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN**

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET **VESTA** — LIVSFORSIKRINGSSELSKAPET **HYGEA**

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 24 07 00

# Velkomen til kyrkje ☧

PREIKELISTE FOR ARNA

3/11 Arna: Ungdomsprest Magne Utle. Nattverd. Offer til dei fire diakoniinstitusjonane. Barnevakt.
Kl. 19.00 ungdomsgudsteneste ved ungdomsprest Utle og Helge Hitland.
Ytre Arna: fung. res. kap. Hitland. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.

10/11 Arna: Familiegudsteneste ved fung. res. kap. Hitland. Barnas misjonsdag. Speiderdefilering.
18.00: Musikkandakt.
Ytre Arna: Familiegudsteneste ved fung. sokneprest Fykse. Barnas misjonsdag.

17/11 Arna: Fung. sokneprest Fykse. Nattverd. Offer til Barnevernsinstituttet Dronning Maud's Minde. Barnevakt.
Trengereid: Familiegudsteneste ved fung. res. kap. Hitland.

24/11 Arna: Ungdomsprest Magne Utle. Offer til NKUF. Barnevakt.
Ytre Arna: Fung. sokneprest Fykse. Offer til Lærerakademiet.

1/12 Arna: Fung. res. kap. Hitland. Nattverd. Offer til Hvite Bånd. Barnevakt.
Ytre Arna: Fung. sokneprest Fykse. Nattverd. Offer til Norges kr. student- og skoleungdomslag.

8/12 Arna: Fung. sokneprest Fykse. Offer til Arna sokneråd.
Kl. 19.00 Lysmesse ved Fykse. Kollekt til Bjørgvin krins av Norges kristelige Ungdomsforbund.

15/12 Ytre Arna: Fung. res. kap. Hitland.
Arna: Kl. 16.00 Julekonsert.
Trengereid: Lysmesse ved fung.res.kap. Hitland, kl. 18.00 NB!

## Vil De ha menighetsdiakon i huset?

Vi har nå mulighet til å få ny menighetsdiakon fra midten av desember.
Men vi mangler høvelig leilighet.
Er det noen som kan hjelpe oss, er vi svært takknemlige.

*Vennligst kontakt Helge Hitland*

Tlf. 24 09 65.